



# ETISKE RETNINGSLINJER

## FOR

# BREMANGER KOMMUNE

---

### **1. Innleiing**

Etisk kvalitet i utøving av mynde og yting av tenester er ein føresetnad for omverda sin tillit til Bremanger kommune. Kommunen skal drivast på ein ansvarleg måte. Retningslinjene skildrar den etiske standarden som må etterlevast av alle tilsette, tillitsvalde og folkevalde i samhandling med medarbeidarar, innbyggjarar og andre samarbeidspartar.

Folkevalde og tilsette har eit sjølvstendig ansvar for at eigne handlingar er i samsvar med dei

etiske retningslinjene.

Folkevalde og leiarar har eit særskilt ansvar som rollemodellar, og for å legge til rette for ein bedriftskultur som speglar dei etiske kjerneverdiane.

## **2. Omfang**

Dei etiske retningslinjene gjeld for folkevalde og tilsette i Bremanger kommune.

## **3. Føremål**

Føremålet med å ha etiske retningslinjer i kommunen er å skape tryggleik og eit felles grunnlag for både folkevalde og tilsette i det arbeidet som vert gjort i kommunal teneste.

Folkevalde og tilsette skal vere medvitne om at dei representerer Bremanger kommune, og at alle er med og dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldningar til kommunen som organisasjon.

## **4. Lojalitet**

Alle pliktar å arbeide aktivt for å nå kommunen sine vedtekne mål.  
Det er ei gjensidig lojalitetsplikt mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar.

Dette inneber at alle må vere lojale i høve dei politiske og administrative vedtak som er fatta, og følge lover, forskrifter og reglement. Alle som er ein del av kommuneorganisasjonen skal bidra til ein god organisasjonskultur og totalresultat i kommunen.

Arbeidstakar og fagorganisasjonar skal gå tenesteveg dersom ein har noko ein ønskjer å ta opp, for å unngå at ein omtaler saker negativt utanfor organisasjonen.

Arbeidsgjevar har eit særleg ansvar for å medverke til å verne arbeidstakarar som avdekker og rapporterer kritikkverdige forhold.

## **5. Sosiale medium**

Alle politikarar og tilsette er kommunen sine ambassadørar. Kvar einskild har derfor eit sjølvstendig ansvar for å bidra til å ivareta kommunen sin tillit og omdømme. Som arbeidsgjevar ønskjer vi sjølvstendig at politikarar og tilsette som er aktive på sosiale medium også er gode representantar for Bremanger kommune.

- Tilsette og politikarar har ytringsfridom, men teieplikta gjeld også her.
- Hugs at du er ambassadør for Bremanger kommune, også i fritida.
- Presiser at du ikkje ytrar deg på vegne av Bremanger kommune dersom det kan vere tvil om rolla di.
- Hugs å ikkje nytte e-postadressa til Bremanger kommune som kontaktpunkt til dine private profilar.
- Alle innlegg på sosiale medium er vurdert som offentlege og tilgjengeleg for alle. Ver derfor varsam med kva du kommenterer og skriv.

## 6. Interessekonflikter

Folkevalde og tilsette i Bremanger kommune skal unngå å komme i situasjonar som fører til konflikt mellom personlege interesser og interessene til kommunen. Dette må også gjelde sjølv om tilhøvet ikkje vert ramma av reglane om ugildskap i forvaltningslova.

Det myndet ein har gjennom tillitsverv eller stilling skal ein bruke til det føremålet som det er meint til. Myndet skal ikkje brukast for å oppnå personleg vinning eller for å fremje personlege interesser.

All sakshandsaming skal vere objektiv og upartisk. Ingen må ta del i eller prøve å påverke avgjerder når det ligg føre særlege tilhøve som er eigna til å svekke vedkommande sitt truverde.

Dersom personlege interesser kan påverke avgjerder i ei sak eller eit saksområde ein har fagleg ansvar for eller deltek i handsaminga av, skal ein ta dette opp med vedkommande organ eller overordna.

Døme på slike interessekonflikter kan vere:

- 1 Forretningstilhøve til tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollegaer
- 2 Verv som kan gå ut over arbeidet ein gjer i kommunen
- 3 Engasjement i interesseorganisasjonar eller politisk verksemd som gjeld tilhøve som den einskilde arbeider med i kommunen
- 4 Personlege økonomiske interesser som kan føre til at vedkommande medarbeidar kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til verksemda i kommunen
- 5 Familierelasjonar eller andre nære sosiale relasjonar
- 6 Funksjonen som tillitsvald for tilsette som arbeider med arbeidsgjevarspørsmål
- 7 Kommunalt tilsette med politiske verv i kommunen

## 7. Informasjonshandsaming

Informasjon som vert gjeve i samband med arbeid for kommunen skal vere korrekt og påliteleg.

Når ei sak kjem inn under reglane for teieplikt i høve til lov, andre bestemmelsar eller når det går fram av saka sitt innhald, må ingen omtale saka overfor nokon utanforståande/uvedkommande. Alle pliktar å skrive under teieplikterklæring.

Opplysningar som ein har fått på fortruleg vis under handsaming av saker i kommunen skal haldast fortruleg og ikkje nyttast til personleg vinning. Informasjon som ikkje er fortruleg skal vere open og tilgjengeleg for alle.

Har ein komme i skade for å gje feil informasjon eller informasjonen er uklår, bør det rettast opp ved første høve.

## 8. Økonomiske og andre fordelar

Folkevalde og tilsette må ikkje ta imot gåver, provisjon, tenester eller andre ytingar som kan påverke handlingar, saksførebuing eller vedtak.

Dette gjeld likevel ikkje gåver av liten verdi, t.d. reklamemateriell, blomar, konfekt eller liknande når eit ytre høve gjer det naturleg og utan at det er knytt til nokon konkret vedtakssituasjon.

Dersom ein får tilbod om gåver eller anna som i verdi går ut over retningslinjene i kommunen, skal ein kontakte næraste overordna. Slike gåver skal returnerast til avsendar med følgjeskriv om kommunen sitt regelverk.

Moderate former for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidstilhøve og som ramme for informasjonsutveksling. Både grad og karakter av slik merksemd må ikkje utviklast slik at den usakleg påverkar avgjerdsprosessar eller kan gje rimeleg grunn til å tru det.

## **9. Bedriftskultur**

Alle som representerer kommunen må arbeide for å styrke etiske standard og åtfærd i all politisk og administrativ verksemd. Alle har plikt til å ta opp tilhøve ein får kjennskap til på arbeidsplassen som ikkje er i samsvar med kommunen sine etiske retningslinjer.

Folkevalde og tilsette skal ikkje opptre på ein måte som kan oppfattast krenkjande.

Alle skal vise respekt for andre sitt arbeid, og vere med på å fremje samarbeidet mellom tilsette. Dette gjeld både innanfor vår eigen arbeidsplass og yrkesgruppe og på tvers av yrkesgrupper og tenesteområde. Alle har krav på å bli verdsette for innsatsen sin, utan ulik handsaming på grunnlag av kjønn, alder, funksjonsnivå, nasjonalitet eller livssyn.

Leiarar på ulike nivå har eit særleg ansvar for å gjere dei etiske retningslinjene kjende i organisasjonen og for å vidareutvikle, tydeleggjere og skape aksept for etisk forsvarleg åtfærd.

Det skal vere gjensidig forståing for kva roller dei folkevalde har og kva roller dei tilsette har i organisasjonen.